



Tilleggsinnkalling
av
Formannskapet

Møtedato: 31.05.2016
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 12:00

Det vert sendt ut nokre tilleggssaker i neste veke.

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
040/2016	Fornyng av sals- og skjenkeløyve for løyveperioden 01.07.2016 - 30.06.2020

7. juli 2016

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FA - U60	15/93

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
040/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016
	Kommunestyret	PS	

Fornyng av sals- og skjenkeløyve for løyveperioden 01.07.2016 - 30.06.2020

Forslag til vedtak:

Kommunestyret har gått gjennom alkoholpolitisk handlingsplan, og vurdert sals og skjenkepolitikken i kommunen. Dei sals- og skjenkeløyver som vart gjeve i forrige kommunestyreperiode vert vidareført for 4 nye år slik som skissert under:

COOP Modalen får løyve til sal av

øl med inntil 4,75 volumprosent alkohol

vin med inntil 4,75 volumprosent alkohol

brennevin med inntil 4,75 volumprosent alkohol

Løyvet gjeld for perioden f.o.m 01.07.2016 t.o.m 30.06.2020 desse stadene:

Coop Marked Mo:

Løyvehavar er Coop Modalen v/ Roger W. Fure

Styrar for løyvet er Roger W. Fure

Stedfortredar for styrar er Haldis Fjellanger

Coop Nærkjøp Øvre Helland:

Løyvehavar er Coop Modalen v/ Roger W. Fure

Styrar for løyvet er Maybritt Sjøholm

Stedfortredar for styrar er Haldis Fjellanger

For begge løyva gjeld:

Salet kan gå føre seg mellom klokka:

08.00 og 20.00 på kvardagar.

08.00 og 18.00 på dagar før søn- og heilagdag. Jfr. alkohollova §3-7.

Løyvehavar og styrar pliktar å sjå til at alkohollova sine bestemmelsar vert fylgde.

Modalen Kommune vil føra kontroll med salsstadene i samsvar med Alkohollova § 1-9.

Mobyggen AS får skjenkeløyve for øl, vin og brennevin for perioden f.o.m 01.07.2016 t.o.m 30.06.2020.

For skjenkeløyvet gjeld:

- Løyvehavar er Egill Kristjansson.
- Styrar for løyvet er Egill Kristjansson. Avløyser for styrar er Gudbjørg Vilhjálmsdóttir.
- Løyvet gjeld kro og fellesareal i 1.høgda. I tillegg gjeld løyvet for uteservering på overbyggd

areal og inngjerda kaiområde. Styrar for løyvet er ansvarleg for tilstrekkeleg avskjerming av skjenkearealet ute. Avskjerminga skal vera godkjent av kommunen, og fri ferdsel på kaiområdet skal sikrast.

d. Skjenketid:

Brennevin alle vekedagar: kl. 13.00 – 24.00

Vin og øl alle vekedagar: kl. 08.00 – 02.00

- e. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.
- f. Det vert sett som vilkår at det i den tida det vert servert alkoholhaldig drikk også skal gjevast tilbod om matsservering.
- g. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.

Bryggjeslottet får skjenkeløyve for øl og vin til slutta lag i perioden f.o.m 01.07.2016 t.o.m 30.06.2020.

For skjenkeløyvet gjeld:

- a. Løyvehavar er Bjørn Eikefet.
- b. Styrar for løyvet er Bjørn Eikefet.
- c. Løyvet gjeld skjenking til slutta lag av gjestar.
- d. Løyvet gjeld berre innandørs. Utanforståande skal ikkje ha tilgang til lokalet der det vert skjenka eller konsumert alkohol.
- e. Skjenketid: kl. 15.00 – 01.00.
- f. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.
- g. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alle sals- og skjenkeløyve for alkohol går ut 30.06.2016. Tidlegare har lova krevd at kvart løyve skal vurderast på nytt etter kvart kommuneval. Ei lovendring frå januar 2016 seier at det nye kommunestyret no kan bestemme at løyver gjevne av det gamle kommunestyret kan vidareførast utan at sals og skjenkestadene må søkje på nytt. Føremålet med lovendringa er å redusere meirearbeid og byråkrati. Kravet lova set til Kommunestyret er å ha ein gjennomgang av alkohol- og løyvepolitikken i kommunen før løyva vert vidareført.

Vurdering

Ruspolitisk handlingsplan vart revidert hausten 2013. Planen fyljer som vedlegg til saka. Føremålet

med planen er å sikra at kommunen har ein politikk som førebyggjer alle typar rusbruk, og som regulerer omsetninga av alkohol slik at ein unngår negative konsekvensar av dette. Planen gjev mellom anna retningslinjer for sals- og skjenkepolitikken i kommunen. Her finn ein oversikt over sals og skjenkestader, kva klokkeslett alkohol kan seljast og skjenkast, kva type løyver som kan gjevast m.m.

I planen er det ikkje identifisert utfordringar knytt til sals- og skjenkepraksis i kommunen som gjev grunn til uro. Det er såleis ikkje kome fram noko som tilseier at gjevne løyver bør innskrenkast eller avviklast. Det er likevel viktig å vere klar over at tildeling av sals- og skjenkeløyver er eit ansvar som er lagt til Kommunestyret, og eit verkemiddel i rusmiddelpolitikken ved å styre tilgangen på alkohol. Kommunestyret står såleis fritt til å vidareføre, innskrenke eller avvikle noverande løyver. Døme på innskrenking av eit løyve kan vere å korte ned skjenketida, avgrense tilgangen på brennevin eller gje løyver som berre gjeld deler av året. Det er i dag ikkje gjeve slike innskrenkingar hjå oss. Når det gjeld skjenketid så har Modalen kommune gjeve Mobryggja løyve til å skjenke øl og vin til klokka 02.00. Dette er 1 time lengre enn normalbestemmelsane i alkohollova, og vart innført i noverande 4-årsperiode. Likevel er det berre ved særskilte høve Mobryggja skjenker ut over kl. 01.00.

I tillegg til dei faste løyva finns det to typer løyver som er delegert til rådmannen å fatta vedtak om: Ambulerande løyve: Dette er eit løyve som vert gjeve til lukka selskap. Ved slike løyve har ikkje ålmenta tilgjenge, og den som har løyvet skal ha ei oversikt over kven som deltek på tilstelninga. Dette kan t.d. vere ei bedrift som har samling med sine tilsette, ein organisasjon som har samling med medlemmane m.m.

Einskildløyve: Dette er ordinære skjenkeløyve til arrangement som er opne for alle, men løyvet vert berre gjeve for eit enkelt høve. Døme: Bryggjeslottet har hatt slike løyver i samband med konsertar og Modøl har hatt slike løyver til quizkveldar i ungdomshuset. Slike løyver kan vere positivt for å skape aktivitet i lokalsamfunnet, men generelt sett så bør ein prøve å styre det meste av skjenkinga inn mot etablerte bedrifter som har dette som ein del av si næring.

Modalen kommune har avtale med sals- og skjenkekontroll som fører tilsyn med at løyvehavarane sin praksis er i samsvar med lovgjevinga. Frå 1.januar i år er det innført eit nytt prikkdelingssystem ved brot på sals- og skjenkebestemmelsane. Eit visst tal prikkar over ein toårsperiode vil medføre inndraging av løyvet for eit tal veker. Det er også innført krav til kompetanse hjå kontrollørane, og at det må vere 2 kontrollører ved kontroll. Fram til no er det rapportert få avvik på kontrollane i Modalen. Dei største utfordringane har vore under Modalsdagane på grunn av deltakarar som har innteke mykje alkohol før dei kjem på arrangementet. Betre og meir kompetent vakthald har betra dette dei seinare åra.

Konklusjon

Samla sett vurderer rådmannen noverande sals- og skjenkepraksis i Modalen som god, og innstiller difor på at eksisterande løyver til sal og skjenking vert vidareført for ein ny 4 års periode.

Vedlegg:

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013 - 2017 KS sak 024-2013